# Sommar

Tekst: Gaute Øvereng 2013

Melodi: Gaute Øvereng 2013




© Øvereng 2013

Ein song frå tunkattens songbok

Intro-Vers-Ref-Intro-Vers-Ref-Intro-Bru-Ref

# Sommar

*Av Gaute Øvereng 2013*

**1. vers**
Ei blåmeis som sit på ei grein
Ein svane som flyt så fint på vatnet
Ein edderkopp med lange bein
Eit piggsvin som snusar inni krattet

Natta er så lys, vi kan'kje sove
Vi tek av oss skoa og spring ut

**Refreng**
Det er
det det som gjer at det blir
det det som gjer at det blir
det det som gjer at det blir sommar

**2. vers**
Ei rose med nydeleg duft
Eit grasstrå som kitlar under foten
Ein båttur i sommarfrisk luft
Ein bærtur på kryss og tvers i skogen

Dagane er varme, vi kan bade
Eller ta fram slangen for ein sprut

**Refreng**

**Bru**
Sommaren er vår beste tid
så mange dagar fri
Vi dansar rundt med store glis
og vi et masse is

**Refreng**